



Erling Stadheim
Stadheimsvegen 99
6893 VIK I SOGN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2377 - 17/21013

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
24.10.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 41/44

Tiltak: Søknad om riving av fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 41/44
Tiltakshavar: Erling Stadheim
Ansvarleg søkjar: Jan Reidar Jensen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.10.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Tiltaket sin storleik og grad av utnytting

Søknaden skal opplyse om bruksareal eller nytta areal på nye bygningar og eventuelle eksisterande bygg. Areal skal reknast i samsvar med TEK10 kapittel 6. Grad av utnytting er regulert i TEK10 kapittel 5. For eldre arealplanar skal areal og utnytting reknast etter dei reknereglar som gjaldt ved tidspunktet for vedtak av arealplanen.

Minsteavstand til andre bygg, kraftliner, vegmidte, vatn- og avlaupsleidningar

Kommunen skal i si handsaming vurdere om krava til minsteavstand til andre bygg, veg, vatn- og avlaupsleidningar samt kraftliner er vareteke, jf. SAK10 § 5-4 tredje ledd bokstav i). Søknaden må difor opplyse om minsteavstandar om noko av det nemnde er relevant.

Omsynet til leidningar i grunnen er eit av fleire omsyn som kommunen skal vurdere ved tiltaket si plassering. Om søknaden viser at det planlagde byggjetiltaket kan kome i strid med vatn- og avlaupsleidningar, kan kommunen ved handsaminga av søknaden be om fleire opplysningar om desse ikkje er tilfredsstillande.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vassforsyning, avlaup og fjernvarme

Kommunen skal vurdere om eit tiltak har naudsynt tilknytning til infrastruktur som veg, vatn og avlaup, jf. pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4. I nokre område kan det også liggje krav om tilknytning til fjernvarmeanlegg. Søknaden må difor gje tilstrekkelege opplysningar slik at kommunen kan vurdere desse forholda.

Opplysningar om avlaupsordninga er sikra i samsvar med forurensningsloven, er ei relevant opplysning ved innsending av søknad. Avlaupsordning skal vere sikra før det vert gjeve (ramme)løyve til deling av eigedom eller oppføring av bygning, jf. pbl. § 27-2.

Teikningar og situasjonsplan

Utforming av tiltaket skal visast på teikningar og plassering av tiltaket skal visast på situasjonsplan, jf. SAK10 § 5-4 tredje ledd bokstav m). Normalt vil det vere tilstrekkeleg med fasade-, snitt og planteikningar utført i normal detaljgrad, målsatt og målestokk 1:100. Normalt skal tiltaket eller tiltaka teiknast inn på ein situasjonsplan med plassering, orientering (møneretning), målsetjing og avstandar til nabogrenser, andre bygg, veg og kraftliner. I tillegg skal endring av tilkomstforhold, parkering og terrengarbeid (nye terrengliner) kome fram. Situasjonsplanen skal vere målsett.

Gjennomføringsplan

Gjennomføringsplanen etter SAK10 § 5-2 skal sendast inn både ved søknad om rammeløyve og søknad om igangsetjingsløyve, eller ved søknad i eitt-trinn, i tillegg til ved endringsøknader. I tillegg skal gjennomføringsplan sendast inn ved søknad om ferdigattest og midlertidig bruksløyve, jf. SAK10 § 8-1.

Erklæringar om ansvarsrett

Ansvarsrett skal erklærast for alle ansvarsområde i tiltaket. Opplysningar om ansvarsrett skal følgje søknaden, jf. SAK10 § 5-2 tredje ledd bokstav q). Erklæring om ansvarsrett er ufullstendig utfylt i dette tilfellet. I tillegg må ansvarleg søkjar vurdere om alle ansvarsområde er dekt. Tilstrekkeleg kompetanse for sjølvbyggjaransvaret må dokumenterast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **14.11.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Erling Stadheim

Stadheimsvegen 6893
99

VIK I SOGN

Jan Reidar Jensen

Trovegen 73 6894

VANGSNES